



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

adresseliste

Vår dato: **23 SEPT 2013**

Vår ref.: : NVE 201207991-11 ki/elha

Arkiv: 312/060

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ellen Lian Halten

Tlf: 22959918

Osterøy kommune – Søknad om løyve til senking av vasstand i Kringastemma og riving av deler av dam Kringastemma i Osterøy kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Osterøy kommune, datert 6.5.2013, om løyve til senking av vasstand i Kringastemma og riving av deler av dam Kringastemma i Osterøy kommune.

For å tilfredstille gjeldande krav til damsikkerheit er dameigar pålagt omfattande tiltak for å oppnå stabilitet etter gjeldande sikkerheitsforskrift og NVEs retningslinjer for murdammar. Dammen har i dag ingen funksjon bortsett frå dei visuelle kvalitetane vatnet gjev. Dammen er og ein del av gangnettverket i området, men det skal etablerast ei ny gangbru parallelt med riksvegbrua like ved. I samband med utarbeiding av teknisk plan, ynskjer no kommunen i staden for omfattande forsterkningsarbeid på eksisterande dam, å rive delar av dammen, og samstundes senke HRV frå kote 20,07 til kote 18. Vasstanden i Kringastemma vil bli permanent senka med 2 meter.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 og 7 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 41 om løyve til nedlegging av vassdragsanlegg. Kapittel 7 i vassressurslova inneheld reglar om nedlegging av vassdragsanlegg. Dersom ein eigar av vassdragsanlegg ynskjer å leggje ned anlegget skal det gjevast løyve til dette, jf. vassressurslova § 41. Viss nedlegginga kan føre til påtakeleg skade eller ulempe for almenne interesser vil det vere nødvendig å stille vilkår til korleis nedlegginga skal gjennomførast.

Søknaden har tidlegare blitt sendt på avgrensa høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune har ikkje kome med fråsegn ennå, og vil nå få ein ny moglegheit. NVE ynskjer at fylkeskommunen gjev fråsegn med utgangspunkt i sine ansvarsområde.

NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på korleis nedlegginga bør gjennomførast og forslag om avbøtande tiltak. Dersom partane er kjende med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkelig grad i søknaden, ønskjer NVE opplysningar om dette. Osterøy kommune er søkjar og får høyringsbrevet til orientering.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR




Søknaden med vedlegg blir lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker og den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Osterøy kommune på tlf. 56192100. Nils Myking og Roald Hovden er kontaktpersonar. Dei kan også nås på e-post: nils.myking@osteroy.kommune.no eller roald.hovden@osteroy.kommune.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner blir sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogleg og seinast innan **6.11.2013**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna blir referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Gry Berg
seksjonssjef


for Ellen Lian Halten
rådgiver

Vedlegg: Kunngjeringstekst
Adresseliste

Adresseliste for: Søknad om senkning av vasstand i Kringastemma og riving av deler av dam Kringastemma

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Bygdanytt

	Namn/adresse
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7800, 5020 Bergen
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger ,
	Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201, 5811 Bergen
	Osterøy JFL v/ Odd Reistad Langhelle, Heiane 25, 5652 Årland
	Eiendomvest AS, Postboks 15, 5291 Valestrandsfossen
	Marit Valestrand Evardsdal, Valestrand, 5281 Valestrand
	John Valestrand, Skytterveien 6, 5038 Bergen
	Knut Valestrand, Gangstøvegen 96, 5450 Sunde i Sunnhordland
	Rolv Valestrand, Juvikstølen 36, 5916 Isdalstø
	Åshild Valestrand, Eide, 5281 Valestrandsfossen
	Gro Raniseth, Elvik, 5281 Valestrandsfossen
	Forum for natur og friluftsliv i Hordaland v/Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 Bergen
	Bergen Turlag, Tverrgaten 4-6, 5017 Bergen
Intern kopi	hmn og unyi

Kopi: Osterøy kommune, Rådhuset, 5282 Lonevåg

Tore Nygård AS, Litleåsvegen 49, 5132 Nyborg

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til senking av vasstand i Kringastemma og riving av deler av dam Kringastemma i Osterøy kommune

Osterøy kommune søker om løyve etter vassressurslova til senking av vasstand i Kringastemma og riving av deler av dam Kringastemma.

Søknaden med vedlegg er lagt ut på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Osterøy kommune. Kontaktpersonar er Nils Myking og Roald Hovden på tlf 56 19 21 00 eller e-post: nils.myking@osteroy.kommune.no eller roald.hovden@osteroy.kommune.no. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **6.11.2013**.